

# INNERTIDENDE

7. årgang nr. 1 – mai 2005

## Nytt nummer av *Innertidende*

Etter ei lita pause er Markane skyttarlag tilbake med si informasjonsavis, *Innertidende*. Vi tek sikte på nokre utgåver per år. Lagsbladet såg opprinnelig sitt lys i 1998, og har sidan med ujamne mellomrom vore ein viktig informasjonskanal for laget.

## Nye heimesider

Skyttarlaget har fått nye heimesider i 2005. Adressa er <http://markane.skytterlag.no>

På heimesidene vil du finne siste nytt frå laget, saman med mykje anna medlemsinformasjon, historie og aktivitetar i laget. Sjølv om vi vil gje ut nokre nummer av *Innertidende*, oppmodar vi medlemene om å nytte heimesida.

Startsida er prega av laget sine fargar, og ser slik ut:

The screenshot shows the homepage of the Markane Skyttarlag website. It features a header with the logo and name "MARKANE skyttarlag". Below the header are several menu items: STARTSIDA, TERMINLISTE, INNSBYDNINGAR, RESULTATER, OM OSS, MEDLEMSINFO, UNGDOMSUTVAL, OLDESTENNET, LAGSHISTORIE, JEGERHOF, FORUM, BILLDALURIN, ARKIV, LINKEAR, LOGG PA, and DIS - 375. The main content area includes sections for "Dugnad på skytebana", "Prisliste 2005", "Landskamp skifeltskyting", and "Lagmeisterskap miniatyr 2005". There are also links for "SØK LOKALT", "SISTE NYTT", and "L3 2005 lesja Kontakt oss".

Kom gjerne med tilbakemeldingar på sida, Forumet kan nyttast til både ris og ros!

## Styret

Styret i Markane skyttarlag har for tida slik samansettning:

Formann: Jarle Tvinnereim  
 Nestformann: Paul Hatledal  
 Kasserar: Andreas Solvik  
 Sekretær: Kåre R. Haugen  
 Styremedlem: Peder Hatlelid

Paul Hatledal er også leiar i ungdomsutvalet.

## Medlemskontigent 2005

Årsmøte i skyttarlaget har fastsett medlemskontigent for 2005 slik:

Aktiv/Jeger	kr. 200,-
Støttemedlem	kr. 100,-
Ungdom under 16 år	kr. 50,-

Som medlem i laget får du mange fordelar, mellom anna subsidiar på skot, gratis jaktprøver og gratis bruk av bana til skytetrenings.

Til gjengjeld ventar vi at medlemene stiller opp og hjelper til med aktivitetar i laget, som Bingoen og funksjonærar på stemne.

Skulle du ikkje ha fått giro på medlemsskap, eller veit om nokon som vil bli medlem, ta kontakt med Andreas Solvik så ordnar han det.

## 125-års jubileum

Markane er inne i ein jubileums – stim. Ikkje før er ungdomslaget ferdig med sitt 100 – års jubileum, så er det skyttarlaget sin tur, og ut på hausten er det idrettslaget som feirar.

Skyttarlaget vart skipa i 1880, og er såleis 125 år. Skipingsdagen er 27. desember, men for at vi skal få nytte det flotte anlegget vårt på Sindre vert feiringa den **25. juni**. Denne laurdagen bør alle merke av på kalenderen og setje av til markering av eldste laget i bygda. Ei nemnd har vore i sving ei stund, og ut frå dei planer som ligg føre vert det aktivitet heile dagen.

Programmet vert om lag slik:

- Jubileumsskyting for alle som har lyst å prøve seg
- Fotoutstilling
- Framvising av våpen og vanleg brukte kle for skyting gjennom 125 år
- Mat. (Grilling, gryte, kaker, kaffi etc.etc.etc.)
- Kveldsprogram med div. underhaldning, helsingar etc.
- DANS

*neste side ...*

I samband med fotoutstillinga er vi svært interesserte i å kome i kontakt med dei som har bilde frå aktiviteten i laget. Har DU eit eller mange bilde frå skyttarmiljøet, både nytt og gammalt, er det beste du kan gjere å ta kontakt med Jon Kjøs som har ansvaret for dette. NB!!!! I første tider var også skiskyting lagt under DFS, og det har vi svært lite bilete frå.

Vi er også i gang med å skrive litt om lagshistoria. Det er meininga å få trykt eit hefte, men dette vert ikkje ferdig til jubileumsfesten. Tilliks med fotoutstillinga er vi også svært interessert i å kome i kontakt med personar som kan fortelje om opplevingar i skiskyting eller på skytebana.

Kanskje er det nokon som har gode historier og bilde frå "livet i grava" under t.d. eit Olsokstemne?

Til sist: Er det nokon som har eldre våpen vi kan nytte til utstilling??? For eksempel eldre Mauser, original Krag etc.

Alt som vert lånt skal sjølv sagt bli levert tilbake i same stand.

Har du noko du trur kan vere av interesse, så ta kontakt med:

- Svein Sindre tlf. 57877968
- Jon Kjøs tlf. 57879270
- Inger Marie Svingeset tlf. 57879778
- Andreas Solvik tlf. 57879287, mob. 91773123

### **Ver med og gjer dette til ei minnerik feiring!**

#### **Bilbingo**

Som dei fleste kjener til, er bilbingoen skyttarlagets viktigaste inntektskilde.

**Ei stor takk til alle dykk** som søndag etter søndag stiller opp og gjer ein dugnad for skyttarlaget ved å hjelpe til på bingoen. Du som er med å hjelper oss desse søndagane skal vere klar over at hadde vi ikkje hatt **di** hjelp, hadde vi neppe hatt elektroniske skiver, og eit slikt flott parkanlegg som vi kan tilby bygdefolket og skyttarane som besøkjer oss.

Vi er klar over at mange tykkjer det er eit "ork" å vere med desse 3 timane ein søndagskveld, men sjå på det som ein dugnad for laget, og kom gjerne med innspel om vi skal forandre på eit eller annan med bingoen. Vi ser gjerne at fleire Markarar møter opp for å spele bingo, du er i alle fall velkommen!

Vedlagt Innertidende ligg funksjonærlista for 2005, skulle du ikkje stå på lista, men kan tenke deg å vere med ein eller fleire søndagar, så nøl ikkje med å ta kontakt med Rasmus Flore eller Andreas Solvik

#### **Aktivitetskalendar 2005**

Vedlagt finn du aktivitetskaldaren for 2005. Her ser du at laget har faste skytetrenings tysdag og fredag, samt finkaliber trening onsdagane.

Jegercupen startar 10. mai, og bingoen 22. mai. Lagsmeisterskapen på 200 m er 10. juni, på 100 m vert den 24. august.

**Olsokstemnet** vert arrangert 22. – 24. juli.

På lista finn du oppsett over kven som er ansvarleg for dei ulike aktivitetane. Dersom noko ikkje høver, gje beskjed til Jarle i god tid.

#### **Påmelding**

Du finn innbydingar og info om stemne på heimesida vår og [www.skyting.net](http://www.skyting.net). Kontakt Jarle dersom du ønskjer å vere med på stemne.

#### **Skytingens Dag**

Skytingens Dag er 5. juni. Som vanleg vert det arrangert skyting om "Årets jeger" og "Årets jaktlag". Vi vonar flest muleg møter opp!

#### **Skytetrening rekruttar**

Frå og med onsdag 11 mai 05 vert det skytetrening på skytebana på Sindre. Treninga er for alle som vil skyte med cal. 22. (Skiskytta gevær, miniatyrgevær)

Nytt av året er at friidretts- gruppa og o- gruppa vil ha aktivitetar i området ved skytebana i same tidsrom. Etter det vi kjenner til vert det ein del basisøvingar, hinderløype, div. øvingar innan friidrett, o-teknisk trening og evt. andre ting. Meininga er at vi skal ha ein fast kveld for veka der alle som vil, store og små, kan kome saman og ha det moro.

Fullstendig oppsett av aktivitetar vert kunn gjort i aktivitetskalendar for Markane idrettslag og Markane skyttarlag.

#### **Til slutt**

Skyttarlaget vonar flest muleg vil kan delta på skytetreningane våre, og gjerne prøve seg på eit stemne eller fleire. Vi skulle gjerne hatt fleire aktive skyttarar i laget vårt!